

Spøkjelsa på Frostøy

Jens og mora hans bur i eit gammalt, trekkfullt hus på øya Frostøy. Ein kveld oppdagar Jens eit ansikt som svever utanfor vindauga. Eit dameansikt med gule augo og mørke rynker nedover halsen. Eit bleikt ansikt som ser rett på han og seier namnet hans «Jens ... Jens».

Eg sprang inn på soverommet til mamma og skrudde på lyset.

– Mamma, det var ei dame, ho hadde gule ...!

Mamma sette seg opp, ho var lys vaken.

– Vil du ha litt kakao? Vi går ut på glasverandaen. Kom.

Vi sette oss på glasverandaen. Brått lente mamma seg mot meg og sa:

– Trur du på spøkjelse, Jens? Og så begynte ho å fortelje ...

Ein gong flytta du og eg og pappa til eit hus i utkanten av Frostøyskogen. Vi brydde oss ikkje om at fjellet i skogen heitte Dødsfjellet. Vi ville så gjerne bu ved skogen. Vi ville gå tur og plukke bær. Men vi forstod at noko var gale, då vi flytta inn. Første kvelden fekk vi besøk av ein liten, mørk mann.

– Blei de ikkje åtvara? sa han og forsvann igjen.

– Vi høyrde lydar frå skogen, og det kom skuggar ut frå mellom trea. Og det lukta kvalmt. Ein dag fekk faren din nok.

– Vi skal på tur, sa han.

I skogen.

Pappa bar deg på ryggen. Det gjekk fint til å begynne med. Men så kom det ein fæl lyd. Det var ein buss. Han køyrde utan sjåfør. Det var ingen passasjerar. Pappaen din var sint og nekta å vere redd. Då bussen kom, gjekk døra opp, og pappaen din gjekk inn. Med deg på ryggen.



Eg måtte bli med. Bussen køyrde ... Opp på Dødsfjellet!

Vegen var humpete, skogen mørk. Du skreik inne i bussen. Vi kjende at vi køyrde oppover. Heilt til toppen. Så køyrde bussen utfor fjellet. Vi kjende at vi flaug. Rett før vi landa på bakken, kasta faren din seg ned på golvet i bussen. Det smell høgt då vi krasja. Og så var det ikkje meir.

– Ikkje meir? Kva då ikkje meir? ropte Jens.

Mora var stille ei stund.

– Såg du verkeleg dama i vindauga, Jens?

– Ja, sa eg.

– Men du føler deg i fin form?

Eg syntest det var eit rart spørsmål. Og no var håret til mamma annleis, og huda nesten gjennomsiktig.

– Mamma, kva skjedde med oss? sa eg.

Mamma pusta tungt.

– Dama du trefte i vindauga, var Gerda von Knapp. Ho var den første vi trefte bak ...

– Bak kva? sa eg.

– Bak dødsfjellet. I huset dei kallar Bleikbu. Ho er eit spøkjelse, Jens.

Mamma hadde fått sølvhår, og no kom det ein lyd frå djupt inne i henne. I det same begynte stolen ho sat i, å sveve.

– Og det er eg også. Men du er levande. Då vi trefte bakken, kasta faren din seg fram slik at du landa oppå han. Han redda livet ditt.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 140.

Gjer oppgåvene 2, 4, 7, 8.